


Forfedre av Magne Dagfinn Apeland

27. september 2016



**Slektsforum Karmøy registrering +
litt tillegg nede på arket.**

Hans Ole Apeland

Født 26.02.1896 #2
Apeland bnr.2 Tysvær Rog.
Gift 1921
Død 25.05.1979

Magne Dagfinn Apeland

Født 27.08.1938 #1
N.Førland bnr.2 Tysvær Rog.
Partner: Gjertrud Vinnes

Julie M. Kristoffersdtr

Født 09.01.1899 #3
Apeland bnr.4 Tysvær Rog.
Død 09.08.1990

Osmund Nilsen

Født 1853 #4
Kallevik bnr.12 Tysvær Rog.
Død 1936

Jakobine Bårdsdtr

Født 1856 #5
Kolsto bnr.7 Avaldsnes Rog.
Død 1946

Kristoffer Jensen

Født 1846 #6
Apeland bnr.4 Tysvær Rog.
Død 1912

Liva Sylfestdre

Født 1857 #7
Våga Gudbrandsdal / Oppdal
Død 1940
Apeland Tysvær

Nils Knutsen

Født 1810 #8
Kallevik bnr.12 Tysvær Rog.
Gift 1836
Død 1878

Marta Kolbeinsdtr

Født 1818 #9
Kolnes bnr.2 Avaldsnes Rog.

Bård Matias Askildsen

Født 1821 #10
Håvik bnr.6 Avaldsnes Rog.
Gift 1843
Død 1908

Jakobine Hansdtr

Født 1820 #11
Sund bnr.1 Stangeland Rog.

Jens Kristoffersen

Født 1812 #12
Apeland bruk B Tysvær Rog.
Gift 1839
Død 1891

Lucia Marie Olsdtr

Født 1812 #13
Våga bnr.13 Avaldsnes Rog.
Død 1876

Sylfest S. Lund

Født: 19. febr. 1825 Skjåk
Gift i 1856
Døde 3.jan. 1908 Oppdal

Johanna O.Kvitlom (Hanna)

Født: 28. des.1831 Lesjaskog
Døde i 1880 i Oppdal

Knut Knutsen

Født 1771 #16
Gift 1795
Død 1845

Maria Osmundsdr

Født 1773 #17
Død 1824

Kolbein Olsen

Født 1773 #18
Gift 1806
Død 1852

Brita Svendsdr

Født 1782 #19
Død 1863

Askild Knutsen

Født 1786 #20
Gift 1813
Død 1866

Gjertrud M. Pedersdtr

Født 1795 #21
Død 1876

Hans Jakobsen

Født 1781 #22
Gift 1803
Død 1867

Margrete Pedersdtr

Født 1785 #23
Død 1878

Kristoffer Jensen

Født 1763 #24
Gift 1793
Død 1844

Sofie Knutsdtr

Født 1775 #25
Død 1862

Ola Steinsen

Født 1779 #26
Gift 1809
Død 1839

Elisabet Jonsdtr

Født 1782 #27
Død 1850

Sylfest O. Lund

Skjåk

Live Lund

Skjåk

Ola T. Kvitlom

Lesjaskog
Husmann Kvitlane

Eli Kåjunn

Lesjaskog

Litt tilleggs-informasjon om våre forfedre(Sjå eige oversyn over mine forfedre).

(Det er og forfedre for mine søsken).

1. Mor til min far Hans Ole Apeland var Jakobine Bårdsdr. Ho vaks opp på Kolstø. (Kolstø er rett nord for Norsk Hydro sin aluminiums-fabrikk på Karmøy). Mor hennar, Jakobine Hansdtr, var frå Sund i gamle Stangeland kommune på Karmøy. Mor til far var skreddar i gruvebyen Visnes på Karmøy og traff der far til Hans Ole. Han arbeidde i kopargruvene der til 1890 som verksarbeidar. Då vart det nedtrapping av gruverdrifta og dei kjøpte garden på Apeland i Tysvær.

Fire av far sine søsken var fødte på Visnes. Ei søster døydde liten. Onkel Mathias var den første som vart født på Apeland. Far til vår far, Hans Ole, heitte Osmund Nilsen Kallevik, men tok namnet Apeland etter namnet på garden. Eldste bror til far, Konrad, tok namnet Kallwick i U.S.A.


Osmund vaks opp på Sør-Kallevik i tidlegare Avaldsnes kommune, men etter kommune reguleringa i 1965 er det i Tysvær kommune. Våre oldeforeldre budde først på Håvik på Karmøy før dei flytta til Kolstø.

Foreldra til oldefar Bård Matias Askildsen hadde gard på Håvik i tidlegare Avaldsnes kommune, nå Karmøy kommune. Sjå det Åsmund Apeland skreiv i slektsheftene våre frå Sleksthemnet på Stemnestaden i år 2000.

Sjå evt. og Bygdebøker frå Karmøy: Avaldsnes I om Håvik og Kolstø, vidare om vår oldemor frå Sund i boka om gamle Stangeland kommune.

Bygdabok nr 3 for Tysvær kommune «Gard og ætt» side 111 - 113.


Rudolf Dreyer: «Sukkætta» side 403- 404.



Bestemor Jakobine(1855-1946) og bestefar Osmund (1852-1936)

Side 2


65. KALLEVIK



Utafor huset på Øspemyr på Kallevik ikr. 1900. Frå venstre truleg Serine, Svend Kallevik (12/7), Nils Mathias (12/6h) og Knut Kallevik. Huset er frå 1800-talet.

f. Osmund, f. 1853, g. 1885 m. Jakobine Bårdsdtr. Kolsto, til Visnes og Apeland i Tysvær nr. 24.

Dette var huset bestefar Osmund vaks opp i.



Nyare hus på Kallevik i dag 2016.






Figur 1 Huset til oldemor Jakobine og oldefar Bård Mathias Askildsen på Kolstø

Mor til mi mor, Julie Marie Apeland, var frå Oppdal i Sør Trøndelag. Ho heitte Live Lund og levde frå 1857 til 1940. Far hennar Sylfest S. Lund var frå Skjåk i Oppland og flytta til Lesjaskogen ein periode. Der vart han gift med Johanna O. Kvitlom frå Lesjaskogen. Dei kjøpte seg gard i Ålbu grenda i Oppdal og levde der resten av livet. Oldefar Sylfest var lekpredikant og reiste rundt som forkynnar i tillegg til gardsdrifta. Boka «Morsætti» som onkel Nils Magerøy gav ut i 1958 fortel mykje om vår slekt i Oppdal. Åsmund Apeland fortalte i Slektshefte frå 2000 om livet til Live på Apeland.

Far til mor, Julie Marie Apeland, heitte Kristoffer Apeland og overtok garden etter sine foreldre. Mor til Kristoffer, Lusie Marie Olsdtr. Våga kom frå Våga i Fosen i gamle Avaldsnes kommune, nå Karmøy kommune. Sjå side 77 i bygdebok for Avaldsnes bind II. Ho levde frå 1812 til 1876 og var mi oldemor.

Jernkrossen på hennar grav i Tysvær kyrkjegard er freda. Den står rett nedom hovudinngangen til Tysvær kyrkje. Mannen hennar var Jens Kristoffersen Apeland. Han levde frå 1812 til 1891. Jernkrossen på hans grav er på den øvre kyrkjegarden ved sida av Sverre Apeland si grav.





Planen min er at eg legg denne slektsinformasjonen om våre forfedre inn på mi heimeside og på Facebooksida vår.

Mi heimeside finner du på:

Magne D. Apeland Web

Eller: <http://home.haugnett.no/magnedagfinn>

